

Kven er det som trekkjer grensene i dag? Om kunst, terror og ytringsfridom

Foredrag for Fritt Ord, Oslo 24.01

Hilde Sandvik

Kan vi kome oss vidare herfrå? *Har vi kome oss vidare?*

Over tjue år sidan skotet fall mot William Nygaard i Dagaliveien i Oslo skulle ein tru at temaet for dagens seminar var overflødig.

Her (bilde) – i denne hagen – vart William Nygård skoten ein oktoberdag i 1993. Kven som fyrte av skotet veit vi framleis ikkje. Men at dei tre skota i hagen skuldast trykkinga av «Sataniske vers», er lite omstridd.

Det var det første attentatet i Noreg mot ytringsfridomen sidan andre verdskrig.

Ein kan vidare anta at det var Nygaards manglande lyst til å krype for alle fire for sjølv å skifte det knivstukne bildekket som berga han denne dagen. Han ville ikkje ned på kne. Ikkje for hjulskifting, heller ikkje for dei kreftene som hadde utlyst pris på Rushdies hovud, det som hadde kome med trugsmål mot han som forleggjar.

Det at han stod rak, kosta han to års opptrening – to år før armar og bein kunne rørast skikkeleg. Han var heldig: Kulene var spesialdesigna for å drepe og ekspanderer til dobbel storleik når dei treff kroppen.

«Det er en ensom ting å bli skutt i hagen», har Nygaard sagt.

Sidan har eg ofte tenkt at det også må kjennast einsamt at støtta og analysen kring det som skjedde sat så langt inne. Kor var det politiske medvitet om kva som var på spel – den gongen?

To år tidlegare, i juli, 1991, vart den japanske professoren og omsetjaren av «Sataniske vers», Hitoshi Igarshi, knivdrepen på Tsukuba-universitetet. Same månad vart ein annan av bokas omsetjarar, italienaren Ettore Capriolo, banka opp og knivstukken heime i leilegheita i Milano. Ingen vart tekne. I Tyrkia vart 37 menneske drepne i byen Sivas i Anatolia, der fleire hundre kunstnarar, skribentar og musikarar var samla for å feire ein poet. Ein av talarane hadde omsett «Sataniske vers».

Andre forleggjarar hadde tatt andre val enn William Nygaard. I Danmark til dømes, landet som vel ti år seinare fekk sin eigen test på grensene for ytringsfridomen, vart ikkje «Sataniske vers» utgjeve.

Likevel – den gongen, i oktober 1993, var det ikkje nok til at vald og trugsmål om vald fekk varsellampane til å blinka hjå politiet då Rushdies norske forleggjar vart skoten mot.

Som etterforslingsleiar Leif A. Lier sidan har innrømt, kjente dei ikkje noko særleg til Rushdie-saka. Dei var dessutan opptekne på andre kantar det året. Spesialeiningane hjå

politiet hadde ei anna oppgåve, som fekk all merksemd. Over heile landet – og særleg på Vestlandet – brann det kyrkjer.

Tenk gjerne litt på den samanhengen når vi no sit her: For tjue år sidan brann norske kyrkjer. For tjue år sidan var det ein religionskonflikt i Noreg som fekk unge menn til å setje fyr på gudshus om nettene og rasere gravplassar. Ifølge Økokrim var det opp mot femti kyrkjer som vart sett fyr på – eller forsøkt sett fyr på i løpet av ti år. Kyrkjene som vart råka fortalte om «himmelske» besøkstal, meldte NTB i 1995. Folk strøymde til kyrkjebenkene som aldri før.

Tenk på dette historiske – gjerne ironiske – paradokset: William Nygaard blir skoten – og attentatmannen får halde på i fred fordi kyrkjer blir sett i brann i Noreg.

Tjue år etter skulle ein likevel tru at vi hadde tenkt oss ferdige, hatt svar på reie hand når spørsmålet om politikkens grenser, kunstens grenser og kunstnarens ansvar i samfunnet, skulle debatterast.

Sjølv var William Nygård lysande klar: «Journalister spurte meg ustanselig om jeg ville slutte å gi ut «Sataniske vers», seier han til den britiske forfattaren Kenan Malik i boka «Rushdie-affären og veien fra fatwa til jihad»: «Jeg svarte: absolutt ikke. Det var moralisk sett riktig for meg som forlegger ikke å bøye av. Jeg måtte vise at ytringsfrihet er en grunnleggende frihet som ikke kan stanses av terrorisme. Ytringsfriheten er av fundamental betydning for å kunne være et fritt menneske. Uten ytringsfrihet vil det ikke være noen opposisjon, ingen debatt, ikke noe demokrati».

Er det ikkje berre så enkelt? Å svare eit «absolutt ikkje» på spørsmål om å vike unna for trugsmål for å ytra seg. Stå på at det er «moralisk rett ikkje å bøye av». Det er sterke, klare prinsippfaste ord frå ein forleggjar, som kunne ha bøtt med livet for det.

I tillegg, skulle ein tru: ville sytti år etter andre verdskrig, sytti år med handsaming av Hamsun-dilemmaet, også ha gjort oss i stand til å ha fleire tankar i hovudet på ein gong. Og om ikkje før, så i alle fall etter ei av fjarårets mest interessante bøker; Tore Rems «Reisen til Hitler», som – igjen skulle ein tru – gjorde det openberre klart: Ein stor forfattar treng ikkje vere moralisk god. Ein stor forfattar kan ha stor moralisk brest, ha sviktande dømmekraft når det gjeld. Sjølv har Tore Rem framført at boka «Reisen til Hitler» er eit forsvar for litteraturen.

«Hvorfor har det vært så viktig å unnskydde dette unntaksmennesket?» spør Rem: «Det fortidige er ikke bare Hamsuns, det tilhører ikke bare hans lesere og forsvarere. Når så mye er gjort for å gi denne forfatteren et minst mulig ufordelaktig ettermæle, et ettermæle som tilsynelatende ikke virker forstyrrende på hans litteratur, skyves samtidig andre deler av det fortidige, og andre historiske aktører og ofre, inn i skyggen. I Hamsuns tilfelle, takket være den ufattelige ondskapen som ble utøvd av det regimet han så lojalt kom til å støtte opp om, gjelder det mange millioner.».

Litt lenger ned på same sida: «Historikerens oppgave er å stå vakt over det som ikke passer inn i sømløse fortellinger, å finne frem til det som skurrer: det utelatte, det

tidligere historiefortellinger har ignorert eller ikke ønsket å se. Et slikt arbeid kan innbefatte å skrive det som ikke tjener nasjonens interesser, eller visse forståelser av hva det betyr å elske litteraturen».

Det er så ein kan høyre Salman Rushdies svar som eit ekko frå «Sataniske vers»: «En poets arbeid», svarer han. «Å benevne det unevnelige, å peke på bedrag, ta parti, utløse debatt, forme verden og hindre at den faller i søvn».

I dette spennet altså – i dette rommet mellom historikaren og forteljaren – er det verda blir til, ei verd som ikkje fell i søvn, ei verd som – igjen med Rushdies ord – treng radikal opposisjon, ein opposisjon «mot opphør av debatt, diskusjon, dissens».

Ein djevelens advokat i ein poets skikkelse. (Her kan ein leggje til i ein parentes: Er det ikkje mogeleg at det er denne posituren Peter Handke også har i «Vinterreise»? Ein djevelens advokat i opposisjon mot opphør av debatt?)

Og så er det likevel ikkje så liketil – så rasjonelt at ein Rem i 2014 – eller ein Nygaard i 1993 legg fasiten framfor oss. Vi er slett ikkje ferdige, ikkje med grensene mellom kunst og politikk, ikkje med frykta, ikkje med kampen for ytringsfridomen. Ikkje med kunstnarens ansvar.

Ein trudde gjerne ein hadde kome fram til ein grei og klar og logisk konklusjon – slik såg det tilsynelatande ut i dei første timane og dagane etter åtaket på Charlie Hebdo: Endeleg stod det fram eit unisont kor til ytringsfridomens ære. Her gjekk statsleiarar arm i arm for å markere styrke mot terror.

Berre nokre få stemmer, som den uheldig svenske korrespondenten, skar ut av det samstemte koret. Ho skapte ramaskrik ved å seie at Charlie Hebdo ikkje er uskuldige, sidan dei har trykt Muhammedkarikaturar.

Men: det har ikkje ein gong gått ein månad før denne tilsynelatande massive støtta til Charlie Hebdo, marsjane, folk som held hender og hevdar å vere Charlie, slår sprekker, og debattane nærmar seg der dei var førre gong det var karikaturstrid i Europa. Eller då fatwaen vart lyst over Salman Rushdie: Først til dei uklare grenser – så er nye fastlåste frontar (eller dei gamle, alt etter korleis ein ser det) i ferd med å reise seg igjen og så tvil og uvisse om grunnleggjande liberale verdiars betydning.

Mange av dei som i dei første timane og daganes sjokk og vantru erklærte seg som svorne tilhengjarar av opplysningsstidas idear, byrjar igjen å vakle i trua.

Vi ser – igjen – den vestlege liberales usikkerheit, skuldkjensle – og underliggende frykt for å ta feil, for at trugsmåla vi står overfor er mektige, mektigare. Ikkje som ein debattpositur, ein dissens, eit argument, men som ei tilbaketrekkning:

Tidlegare sjefredaktør i VG, Bernt Olufsen, valde mandag å stø seg på paven for sitt val om ikkje å publisere Muhammedkarikaturane i 2006 – eller også teikning av paven – med hatten som ein erigert penis. Han siterte pave Frans: «Religionsfrihet og ytringsfrihet er fundamentale menneskerettigheter. Men det går en grense. Man kan

ikke provosere eller fornærme mennesker for deres religion. Man skal ikke spørke med troen. Ei heller drepe noen i Guds navn.»

Olufsen valde å legge til for eigen kjøl: «Paven er altså mann for sin hatt».

Og jorda er framleis flat.

(I parentes: Dette skriv altså Olufsen i same veka som ei ny bok om overgrep i Den norske kyrkja kom ut. Det kan kanskje – nett no – gje grunn til å teikne ein kyrkjeleiari med erigert penis.)

Eit anna døme på eit gryande stemningsskiftet kunne vi lese i Aftenposten tysdag:

«Bak forsvarer for ytringsfrihet skjuler fremmedfiendtligheten seg», skriv kunst(!)kritikar Kjetil Røed: «Spørsmålet er om vi er tjent med at grove vitseegninger av muslimer blir hverdagskost vi kan le av over frokostbordet. For hva signaliserer vi da? Ikke nestekjærlighet og empati i alle fall», skriv han – og held fram

«En ting er å bedrive makkritikk, en annen er å gjøre narr av en gruppe med islamofob klangbunn. Etter Hebdo-angrepet er det viktig at vi spør oss selv hvorfor karikerende bilder av muslimer og Muhammed oppleves som så dyrebare». Røed oppmodar oss å tote å seie at vi «ikke er Charlie».

«Jeg forsvarer ikke de som kommer med trusler eller vold, men foreslår at vi bør låne øre til vanlige muslimer som føler seg tråkket på av tegninger. Mobbing er ikke greit på arbeidsplassen og i skolegården, og bør ikke være det i en større offentlighet heller».

Framandfiendtlegheit, rasisme, mobbing, islamofobi, krenking av kjensler. Det er gjenklang etter den danske karikaturstriden: Eit forsvar for ytringsfridomen – men ...

«Dersom det er rasisme å kritisere islam, så er eg rasist», sa den egyptiske bloggaren Kareem Amer då eg intervjuja han for Bergens Tidende denne veka. Intervjuet kjem på trykk søndag under tittelen «Jeg er islamofob – og stolt av det». Han er fribyforfattar, busett i Bergen på tredje året. Han har kjent på kroppen kor ytringsfridommen sette grenser. Både Amnesty og internasjonale PEN var opptekne av hans sak då han vart fengsla for å ha fornærma både president Mubarak, Muhammed og Egypt i bloggen sin. For dette fekk han fire år i fengsel.

Han var guten vaksen opp i streng salafistisk heim: Men ein far han hevdar trua med å kutte hovudet av han då han er åtte år og ikkje hadde bedt i moskeen, slik han skulle. Han var islamstudenten, som ikkje greidde å teie mot det han meinte var eit kvelande system. Då han var 2,1 namngav han sharialærarar, han skrev at den islamske lærestaden Al-Azhar er å likne med eit terroristuniversitet. Ein gut vaksen opp med foreldre som ifølge han hadde ein draum for han: At han skulle bli jihadist og sjølvmordsbombar.

Kven var det som lukka opp døra for tryggingspolitiet den natta han blei teken? Hans eiga mor.

Ein mann det er lett å føre eit absolutt forsvar for. Eller ...?

Ein islamofob?

Kven er den første til å kalle Kareem Amer rasist? Eller kritisere han for å ha krenka muslimar? Kven skal vi låne øyre til, for å sitere Kjetil Røed? Kareem Amer – eller dei han tråkka på ved å skrive bloggen sin, som til dømes hans eigne foreldre? Eller paven? Den vestlege støtta til Saudi-Arabia er hyklerisk – dersom ein skal ta kjelda til det vonde, gå etter Saudi-Arabia, sa han.

På veg ut døra frå BT, som – til liks med andre mediehus har fått noko høgare tryggingstiltak dei siste vekene, snudde han seg mot meg og stilte følgjande spørsmål: «Dersom du var kvinna som blei bedt om å opne døra inn til Charlie Hebdo. Kva ville du ha sagt? Dét kan du skrive ein artikkel om.»

Eitt er spørsmålet om ein er villig til å døy for Charlie Hebdos rett til å trykke teikningane sine – og for å republisere Muhammedkarikaturane frå JyllandsPosten.

Mindre dramatisk, men like viktig er kva verdiar ein står opp for, kva ein vel ikkje å stå opp for. Og kor lett dei største orda om ytringsfridomen, dei som blir henta fram i sjokk og til tale, krakelerer i møte med ubehaget.

For det ligg eit sterkt ubehag i spørsmål om rett til å ytre – endåtil retten til å krenke. Kva om ein tek feil? Som ein Hamsun eller Handke? Skal ein også så stå opp for retten til å ta feil?

I forsvaret sitt for Handke, skriv Karl Ove Knausgård at han vil kunne skrive om sjølvord, skildre sjølvord utan å bli skulda av PEN for å ha ansvar for sjølvordet.

Men kva så med ein Dan Parks? Eller ein David Irving?

Å invitere Irving til samtal om løgn kosta no avdøde forfattar Stig Sæterbakken rolla som festivalsjef av Litteraturfestivalen på Lillehammer. På to år hadde Sæterbakken fått Oslo-pressa til å setje seg på toget og sjekke inn på hotell i dagevis og la Lillehammer styre dagsorden, men så inviterte han Holocaust-fornektaaren David Irving.

Hovudsponsor, kulturlivets rikaste onkel, dagens vert – Fritt Ord – foretok ein unnamanøver ein gjerne kan minne om igjen: *Her gjekk grensa for det frie ordet:* Etter først å ha bedt om å få fjerna logoen frå nettsida til Litteraturfestivalen, skreiv direktør Erik Rudeng eit lite innlegg i Aftenposten. Her minte han om at neste års tildeling enno ikkje var gjort. Det var nærliggjande å tolke det som eit trugsmål. Institusjonen sett til å «verne og styrke ytringsfriheten og dens vilkår i Norge», sette ei grense for ytringar her. I staden for å bli møtt i ein diskusjon om løgn og sanning, fekk Irving – som har tapt i retten med påstandane sine fleire gonger sidan 1992 – høve til å ta på seg den mest uangripelege rolla i offentleg debatt: Folkefienden, mannen som meiner seg sterkest i verda fordi han er åleine. «Folk skal få oppdage at når noen forsøker å få meg til å holde kjeft så snakker jeg enda høyere», sa han til NRK.

Kva med den svenske kunstnaren Dan Parks? Sikta og fengsla i Sverige i den første «ytringsdommen» i Europa sidan dommen mot David Irving i 2005?

Eller kva med ein Dieudonné?

Den franske komikaren, som no sit fengsla i Frankrike. Han har flørtar med nazismen og vitsar om gasskammer. I Frankrike er det ikkje lov å fornekte Holocaust. Skal ein forby ein klovn å vise sitt sanne andlet? spør den danske forfattaren Jens-Martin Eriksen.

Den franske sekulære staten blandar seg inn i den offentlege diskusjonen – set dagsorden og sensurerer synspunkt. Ved å gripe inn med lov, blir konsekvensane likevel paradoksale. Kva slags folkemord skal ein då definere utanfor lova? Ein vil aldri – og det syner diskusjonane i dagens Frankrike – vere i stand til å setje prinsipiell standard for forbod.

Klovnene Dieudonné syner kor usmakeleg han er gjennom utsegn om gasskamre – og gjennom nazihelsingar. Skal ein forby det motbydelege?

Hadde William Nygaards sterke oppfatning om at det var «moralske rett» å gi ut «Sataniske vers» same gjenklang i debatten kring Ibsenprisen? Nei. Det hadde den ikkje. I debatten som følgde kom Nygaard til å hevde at «Etter min mening er Handkes uttalelser langt utenfor ytringsfrihetens grenser»

Noko han seinare kom til å be om orsaking for.

Det er i desse – ubehagelege – sakene, ikkje i den umiddelbare reaksjonen etter åtaket på Charlie Hebdo, at ein må tenke gjennom kva det tyder at – for igjen å sitere William Nygaard; «Ytringsfriheten er av fundamental betydning for å kunne være et fritt menneske. Uten ytringsfrihet vil det ikke være noen opposisjon, ingen debatt, ikke noe demokrati».

Men det er ikkje her vi svarer syner det seg når vi blir gått på klingen – vi svarer med magen. I det sekulære Noreg, tjue år etter at kyrkjer brann, er vi framleis pietistar, kulturpietistar, som let oss krenke, som opererer som om det finst ein himmel og helvete, syndrarar og frelseste, noko absolutt, som Thomas Steinfeld peikte på i sitt foredrag – eit frislepp av «det gode samvitet».

Apologetikk, kallar Tore Rem forsvaret for Hamsun – med eit ikkje tilfeldig valt ord: den teologiske disiplinen med føremål å grunngi og forsvare kristendommens krav på å bli sett på som den einaste sanne religion.

Det er freistande å bruke noko av det same omgrepene på Handke-debatten: Er han ikkje tvers igjennom «god» – kan han heller ikkje vere heilt god som forfattar, som kunstnar.

Er ikkje noko av det fremste kjenneteiknet på det moderne mennesket at det kan vere mangetydig? At det kan flytte seg frå den eine posisjonen til den neste? Vere både god og vond? Og – ikkje minst: ha høve til å endre seg, møte motargument, skjerpe argumenta, veksle mellom roller? Skulle ikkje nettopp ytringsfridomen verne nettopp det?

Når vi støyter mot dei ubehagelege grensene i det som ikkje skal seiast (Dan Parks karikaturar, Charlie Hebdos karikaturar), må vi konstatere at det vonde finst, men at

verken det vonde eller det gode er eintydig. Men i staden for å dukke ned i det fleirtydige, skaper vi positurar.

Har kunstnaren eit eige ansvar for å etikken? Ikkje meir enn andre. Har ein kunstnar plikt til å gjere opprør mot diktaturet?

«Jo, gjerne», svarer forfattar Torgrim Eggen i det leseverdige essayet «Kunsten, politikken, etikken» i tidsskriftet Humanist.

«Men ikke større enn bussjåførens plikt til å forsinke bussen, bakerens plikt til å pisse i kakedeigen beregnet på Riksksanselliet, studentens plikt til å holde munn når partisangen synges. Vi er sammen om elendigheten og sammen om motstanden mot den».

Denne vide – klare – retten til å opponere og dissentere krev likevel noko attende frå samfunnet.

«Et sterkt og selvsikkert samfunn, med moralsk klarhet i sine prinsipper, vil ikke ha særlig problemer med å takle fundamentalistenes krav, og heller ikke terroristers handlinger, skriv Kenan Malik i boka si om Rushdie-affæren.

«Terror er ikke uttrykk for islamismens styrke, men for dens impotens. Vestlige samfunns tvil og usikkerhet om grunnleggjende liberale verdiers betydning – når de selv erklærer seg som tilhengere av opplysningstidens universalistiske idealer, henfaller til stammepolitikk – og fryktens fremvekst som en dominerende følelse, har fått islamistene til å fremstå som mektigere enn de er», Han legg til: «Sårbarhet er aldri det beste beviset på styrke».

«Eit Europa som har bygd ned seg sjølv er eit Europa som er lett å råke», skreiv eg torsdagen etter åtaket i Paris.

I dette ligg den største utfordringa – i tvilen om dei grunnleggjande liberale verdiene vi har bygd samfunnet på er nok(o) å halde fast ved. Vi er usikre på om dissens, debatt og frie ytringar *er* sjølve kjernen i demokratiet.

Dagens første foredragshaldar, Kaja Scherven Mollerin, sa det slik: «Skal vi halde fast på prinsippa, vil det føre til eit meir konfliktfylt samfunn».

Det var bergensaren Ludvig Holberg som introduserte ideen om det europeiske til Norden. Den europeiske rett, den greske humanismen – og kristendommens frie vilje. Slik legg historikaren Karsten Alnæs det ut i si store Europa-historie; eit Europa som ikkje handlar om geografi, men om idear, ein måte å innrette seg på – politisk, tankemessig.

Europa har fått testa grensene sine gjennom historia fleire gonger, og har vore brennpunkt for nokre av dei største grusomheitene verda har sett.

I fjar var det hundre år sidan første verdskrig braut ut.

Laksevåg, rett over fjorden frå Holbergs fødestad, fekk si bør å bere. Andre verdskrig sette djupe sår i dei som vaks opp i bydelen, sår som framleis får enkelte av dei som opplevde bombing av Holen skole til å vakne med mareritt om natta.

«Aldri meir», sa ein den gongen, etter at krigen var over: Aldri meir ein slik barbarisme, slik vald, aldri meir invasjon.

Kva var det ein kjempa for? Kva er det ein kjempar for?

La Laksevåg i denne samanhengen tene som bilete på Europa:

På Laksevåg sette ei gruppe initiativtakarar seg føre å lage ein litteraturfestival om spørsmåla som er blitt så levande igjen dei siste vekene. Tilfellet ville ha det til at festivalen vart arrangert helga etter massakren i Paris.

Med si erfaring frå andre verdskrig ønskte dei at nettopp denne bydelen skal bli ein arena der ein tek opp tema knytt til krig, konflikt og ytringsfridom.

Symbolsk er festivalen lagt til datoен då den siste boka vart levert inn på det offentlege bydelsbiblioteket i 2004. I over ti år har det vanta bibliotek i det som var ein av dei mest velfungerande kommunane som vart innlemma i Bergen i 1972.

Først i år seinare – i 2012 – var Laksevåg nedst på alle parameter i ei levekårsundersøking frå Bergen kommune: Her var folk med lågast inntekt, dårligast helse, med barnefattigdom og sosial nød.

Det var arven etter Holberg, folkeopplysningstanken, som skapte den historiske laksevågskulturen. Industrikommunen hadde ei arbeidarrørsle som la vekt på samlingsstadar – og på biblioteket. Dei visste at «Boghylden er den Stige, der fører til at blive Overmandens Lige», for å sitere Henrik Wergeland.

Det gamle Laksevåg var kulminasjonen av folkeopplysningstanken; arbeid fanst for alle, sjølv om ein vart utnytta. Ein kunne ha ambisjonar, ein kunne vekse.

I nyliberal ånd – eller «i den fordømte nyliberale kompakte majoritet», for å sitere frå Øyvind Bergs bearbeiding av Ibsens «En folkefiende» (som blir spelt på DNS i augneblinken), er det som ikkje svarer seg heller ikkje noko ein treng. Ein etter ein er dei tidlegare samlingsarenaene på Laksevåg lagde ned. Biblioteket, som også har vist seg som ein av dei viktigaste integreringsarenaene for unge innvandrarar, forsvann.

Levekårsundersøkinga frå Bergen kommune kan lesast som eit motsvar til det nyliberale sviket mot bydelen, ei politisk vending som har gitt opp folkeopplysningstanken. I staden har ein bygd ned og selt unna.

Det som har skjedd i Bergen har sitt motsvar i heile Europa. Den nyliberale vendinga råkar først og fremst den nye arbeidarklassen – prekariatet – eit veksande monster, ifølgje forfattaren Guy Standing, som har skrive bok om «Den nye farlege klassen»:

I takt med at arbeidsplassar forsvinn – at det ikkje trengst arbeidsfolk – er det stadig fleire i dei gamle industristadane som kjem inn i ein usikker livssituasjon. Prekariat kjem direkte av ordet «prekær», og av håpløyse. Den nye klassen har ikkje jobb, dei er overflødige – dei har heller ikkje ambisjonar.

Presset mot ytringsfridomen kjem slik frå to hald: Frå nyliberalismens «kvar mann for seg» – og frå eit makabert, middelaldersk, islamfundert opprør mot modernismen, sjølve fundamentet for den europeiske opplysningstanken, den laksevågkulturen var tufta på.

Frå bokbåla før andre verdskrig til dei groteske drapa i Paris i Allahs namn – går ei rak og bekrafta line: kampen mot den makta pennen kan ha.

Den gongen, på trettitalet, var det folk – ikkje minst på Laksevåg – som ante faren og reiste seg. Denne gongen er Europa annleis.

Vi har svikta opplysningstanken ved å leggje den ut for sal og stille akseptert at ikkje alle skal kunne lyftast, ikkje prekariatet, ikkje dei mange innvandrarane. Og vi har sjølv vore med på å hole ut prinsippa når vi ikkje held ut ubehaget å stå opp for dei verdiane.

Ideala frå Holbergs opplysningstid manglar sterke forsvararar i dei politiske elitane, og det fremste organet – mediene – er truga.

Europa har svikta sine eigne idear. Eit Europa som har bygd ned seg sjølv, er også lett å såre.

Dersom ein skal leite etter ei strime av håp etter drapet av teiknarane i Paris onsdag, er det gjerne dette: Innser vi no kva vi er i ferd med å miste?

Attende til Nygårds hage: Det var ikkje berre dei store hagars sjølvtilleit som vart råka med eit skot denne oktoberdagen i 1993.

Skotet trefte også det fleirtydige, det nyanserte, det skitne, det som ikkje kan kategoriserast.

Eit hovudtema i «Sataniske vers» er kampen mellom englane og demonane, mellom myter og monstre – i kamp mot kvarandre og seg sjølv – ein kamp der menneskets fantasi står mot avgrensinga som blir lagt på fantasien, og rollene er delt ut av dei som konstruerer bileta.

«Rushdie skildrer måten rasismen demoniserer sine ofre på. Det kunne like godt vært en beskrivelse av hvordan Rushdie-saken har skapt sine egne monstre», skriv Kenan Malik i det som vil bli ståande att som eit referanseverk om Rushdie-saka. Han skriv om mytane som kom ut frå saka, som at aggressjonen mot «Sataniske vers» var motivert av teologi, eller at ytringar i eit fleirkulturelt samfunn nødvendigvis må vere mindre frie.

Eg gjer hans avslutningsord til mine: Mytane, om Rushdie-saka – om karikaturstriden i Danmark eller angrepet på Charlie Hebdo – har medverka til å skape mange monstre.

Dersom vi vil bli kvitt monstra, må vi gravleggje mytane.